

Til rette vedkomande

Dato: 12.06.2017
Vår ref.: 2016/9494-92
Saksbehandlar: maraskv
Dykkar ref.:

Sunniva Steinset. Referanse for arbeid under UKM-festivalen i Hordaland.

Hordaland fylkeskommune har ansvaret for arbeidet med UKM Hordaland og avvikling av UKM-festivalen i Hordaland kvart år. Dei siste åra har det gjennom avviklinga av festivalen i Hordaland vore eit større arbeid knytt til UKM Media, eit initiativ frå UKM Norge. Arbeidet i UKM Media inneber m.a. fleirkamera-opptak og livestreaming av framsyningane på fylkesmønstringa, samt arbeid med å ta bilete av alle deltakerane (både på og bak scena) og lage intervjusaker til nettsida www.ukm.no/hordaland. For å kunne halde fram dette arbeidet er det naudsynt å ha ei nettredaksjon under namnet UKM Media. Vidare er UKM Media ein av kategoriane som ungdom kan delta på under UKM og Sunniva Steinset var ein av dei ungdommane som deltok i denne kategorien under festivalen som vart arrangert på USF Verftet 28.-30.april 2017.

Å jobbe i UKM Media er ei svært nyttig erfaring for å lære seg å arbeide innanfor medieproduksjon. Arbeid for ungdommane i UKM Media inkluderte følgjande; grafisk utforming, redigering av bilde og video, intervjuarbeid med UKM-deltakarar og fagpanel, jamlege oppdateringar av bilete og film på sosiale medium, samt opplasting av eigenproduserte nettsakar med bilete og tekst på nettsida www.ukm.no/hordaland.

UKM Media vart leia av ein redaktør under UKM-festivalen i Hordaland. Ho hadde følgjande tilbakemelding på Sunniva sitt arbeid:

«Sunniva har vært redaksjonsassistent, og har utført dette arbeidet på en svært god måte. Hun har tatt mye initiativ til å løse oppgaver, har avlastet redaktør når det trengs, og har et bevisst forhold til det å skulle betjene et stort arrangement. Sunniva er også veldig positiv og omsorgsfull, og har vært et viktig tilskudd til redaksjonen som helhet».

Hordaland fylkeskommune er svært nøgd med innsatsen til Sunniva Steinset sitt arbeid under UKM-festivalen Hordaland 2017 då dette m.a. gjorde det mogleg å dokumentere arrangementet for tida etterpå.

Venleg helsing

Ronny Skaar
UtviklingssjefMarianne Ose Askvik
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

